

Du finn søknadsskjema på www.meland.kommune.no

VELKOMEN TIL ALVER KULTURSKULE SKULEÅRET 2019/20

På den siste sida finn du praktisk informasjon for dei føresette –
ta gjerne kontakt om du har spørsmål
kulturskulen@meland.kommune.no eller tlf. 56 17 10 64

Frå hausten 2019 samlar Radøy, Lindås og Meland kulturskular seg medan me ventar på kommunesamanslåinga frå 01.01.2020, og allereie no kan du gjerne søkje på tilbod i heile nye Alver. Dei disiplinane som hausten 2019 vert gjeve i samarbeid med Lindås kulturskule er tydeleg merka i søknadsskjemaet med undervisningsstad Knarvik.

KULTURSIRKEL

- ♦ Eit svært populært breiddetilbod for deg som er ny i kulturskulen og vil prøve deg på ulike disiplinlar for å finne ut kva du vil lære meir om.
- ♦ Me driv mellom anna med song, spel, rytme og melodi – og å bli kjend med ulike instrument og kulturskule-disiplinar inkludert dans, teater og visuell kunst.
- ♦ Når kurset er ferdig kan du velje det tilbodet du ynskjer vidare opplæring i – me anbefalar kurset på det varmaste til alle som skal velje kurs i kulturskulen.
- ♦ Dersom eleven etter ferdig "Kultursirkel" ønskjer å halde fram i staden for å velje ny disiplin kan han eller ho velje "vidare kultursirkel", eit tilbod spesielt for dei som har gått på kultursirkel eitt år og ønskjer å halde fram før.
- ♦ Undervisning i grupper ein gang i veka. For 1. og 2.klassingar.



SØKNADSFRIST 1. APRIL

MUSIKK

- ◆ Tilbodet for deg som vil lære å spele eit musikkinstrument!
- ◆ Du vil lære kjente og ukjente songar, litt om notar, rytmar og komponering og ulike teknikkar på instrumentet
- ◆ Du vil lære meir om øving og framføring og du vil få høve til å spele åleine og saman med andre
- ◆ Undervisninga finn i houndsak stad i Meland Aktiv, men dersom stor nok søknad og på Grasdal, Vestbygd og Rosslund skular.

INSTRUMENT DU KAN LÆRE Å SPELE I MELAND KULTURSKULE:

- Klarinett (frå 2. klasse)
- Fløyte (frå 2. klasse)
- Saksofon (frå 2. klasse)
- Song (frå 4. klasse)
- Songgruppe (frå 1. klasse)
- Messinginstrument (horn, tuba, trombone, trompet, kornett, eufonium, baryton) (frå 2. klasse)
- Piano/keyboard (frå 2. klasse)
- Band (frå 5. klasse)
- Gitar/el-gitar (frå 2. klasse)
- El-bass (frå 2. klasse)
- Slagverk (frå 2. klasse)
- Fiolin, bratsj og cello (i samarbeid med Lindås kulturskule – undervisning i Knarvik)
- Trekkspel (i samarbeid med Lindås kulturskule – undervisning i Knarvik)
- Kyrkjeorgel (i samarbeid med Lindås kulturskule – undervisning i Knarvik)

BAND

Dette er eit tilbod både for vidarekomne elevar og nybyrjarar. I bandet treng vi: song, piano/keyboard, el-gitar/gitar, el-bass og trommesett/perkusjon – og gjerne og andre instrument, t.d. blåseinstrument.

SONGGRUPPE – vårt eige kulturskulekor!

Me ønsker velkomen både gutar og jenter, her vil ein lære stemmebruk og songteknikk gjennom samsong med andre born på same alder. Elevane vil få prøve seg på ulike stilretningar og ta del i konsertar og framsyningar. Det er kjekt å lære saman!



Alle som får opplæring i musikk må sjølv ha instrument til eigenøving. Ta gjerne kontakt for råd og hjelp. (elevar på fiolin, bratsj, cello og trekkspel kan leige instrument frå Lindås kulturskule). Elevar som søker piano må ha akustisk piano heime, eller digitalt piano med veide tangentar, fullt klaviatur og pedal.

FINN DU IKKJE "DIN" DISIPLIN? Nytt punktet "andre tilbod" i søknadsskjemaet.

ASPIRANTAR I KORPS: Ta direkte kontakt med Sagstad eller Rosslund Skulekorps

SØKNADSFRIST 1. APRIL

VISUELL KUNST

- ◆ Er eit tilbod der me jobber med å utvikle fantasi og kreativitet gjennom arbeid med hendene. Me lærer å bruke tradisjonelle teknikkar (teikning, maling, skulptur), men og andre spanande kunstformer som monotrykk, collagrafi, papirmarmorering (t.d. med barberskum og såpeboblar), frottage, ecoline med salt og collage.
- ◆ Du vil få høve til å presentere arbeida dine på store og små utstillingar og hente inspirasjon frå besøk på museum og galleri.
- ◆ Undervisninga er i grupper ein gong i veka på Meland Ungdomsskule. Frå 1.klasse.



TEATER

- ◆ Tilbodet for deg som liker deg på scena, er fantasifull og vil finne ut korleis det kjennest å være ein annan ei stund.
- ◆ Du får vere med på teaterstykke som andre har laga og du får vere med å lage teaterstykke sjølv, improvisere og vere med på rollespel.
- ◆ Du vil og lære om teatersminke, kostyme, kulissar, rekvisittar, program og plakatar.
- ◆ Undervisninga er i grupper ein gong i veka i kultursalen i Meland Aktiv. Frå 1. klasse.

DANS

- ◆ Tilbodet for deg som liker å bruke kroppen og røre deg til musikk!
- ◆ Du vil lære å uttrykke kjenslene dine gjennom dansen; anten du er glad, trist eller sint.
- ◆ Du vil lære meir om ulike stilartar innan dans: klassisk ballett, jazzdans og kreativ dans.
- ◆ Undervisninga er i grupper ein gong i veka i kultursalen i Meland Aktiv.
- ◆ Ordinær gruppeundervisning i grupper delte etter alder og nivå frå 5 år, me har og småbarnsdans med deltakande føresett for 3 og 4-åringar.



SØKNADSRIST 1. APRIL

NYTTIG INFORMASJON TIL DEI FØRESETTE:

Undervisningstilboda

vert gjeve med atterhald om tilstrekkeleg økonomi, elevpåmelding og tilgang på lærekrefter.

Eigendel:

Hausten 2019 er eigendel 1850,- kr i semesteret for ein elevplass, frå 01.01.2020 vert me formelt Alver kulturskule og nye satsar for eigendel og søskenmoderasjon vert hand-sama politisk.

I Meland kulturskule får ein 25 % søskenrabatt for barn nr. 2 og 50% for barn nr. 3 og 4 osv. (gjeld fram til 01.01.2020)

Alle elevar betalar og for undervisningsmateriell som notar, kostyme, sko til dans og kunstmateriell.

Husstandar med låg inntekt kan søke om reduksjon av eigendel, sjå eige skjema på heimesida.

Aldersgrense:

Nedre aldersgrense finn du ved kvar disiplin, generell øvre aldersgrense er sommaren det året ein fyller 19 år.

Søsken må vere registrert med same foreldar som betalar

for at datasystemet til kulturskulen oppdager at dei er søsken.

Dersom ein elev har to tilbod i kulturskulen, må eleven betale fullt for begge plassane. Rekninga vert send to gonger i året.

Undervisningsstad:

Musikkundervisninga kan verte på **alle grunnskulane** dersom stor nok søknad, men hovudtyngda av undervisninga er lagt til **Meland Aktiv**.

Teater og dans heldt til i Meland Aktiv og visuell kunst på Meland ungdomsskule.

Dag og tid for undervisninga er i hovudsak ikkje klar før august då lærarane er i deltidstillingar i fleire kommunar, men me jobbar alltid for å få ferdig timeplanane så tidleg som råd.

ELEVAR MED LÆRINGS-UTFORDRINGAR

Elevar med særskilde behov er hjarteleg velkomen til **alle** kulturskuletilboda – på dei fleste musikkdisiplinane er undervisninga individuell og her har me unikt høve til å følge opp og tilrettelegge. Ta kontakt om du er i tvil og/eller bruk merknadsfeltet i søknadsskjemaet.

Undervisning: Vi føl skule-ruta til grunnskulen, men har ikkje undervisning siste veka før jul- og sommarferie.

Undervisning i grupper eller som einetimar. Inntil to undervisningstimar per halvår kan gå ut ved sjukdom, dersom vi ikkje greier å skaffe vikar.

Dersom vi må avlyse undervisninga vert det sendt e-post og SMS til det oppgitte nummeret i søknadsskjemaet og det er viktig at dei føresette heldt kontaktinfo oppdatert.

**DU FINN FULLSTENDIGE VEDTEKTER FOR
KULTURSKULEN PÅ WWW.MELAND.KOMMUNE.NO**

Ta gjerne kontakt på kulturskulen@meland.kommune.no eller 56 17 10 64 om du har spørsmål.

SØKNADSFRIST 1. APRIL